

Motsegn, Næringsområde i Småstranda, 1. høyring.

Då me overtok hytta på Småstranda var det for å ta vare på den fine plassen svigermor og svigerfar laga til. Her har me hatt mange fine dagar med familie og vener, og me har investert for å forbetra plassen. Me har nytta lokale leverandørar av varer og tenester og me har handla lokalt. Idyllen og den vakre naturen set me stor pris på. Fuglelivet, naturen og fiskemulighetene og mest mogleg ro likeså. Det å unngå mest mogleg støy er viktig sidan kona mi er sterkt plaga av tinnitus og at me alle likar fred og ro for å kunne nyta naturen og hyttelivet. At ein vil lage reguleringsplan for næring så nær hyttefeltet er eg heilt imot.

Ein føler seg lurt sidan hyttefeltet vart regulert på starten av 90-talet. Det må ikkje kome noko industriområde her.

- Vanylven kommune har i dag ledig næringsareal og det er difor ikkje behov for å regulere i Småstranda. Ein må nytte det ein har først.
- Området ligg ikkje inne i arealplanane frå før. Og det ligg nært Småstranda hyttefelt. Industriområdet vil føre til fleire ulemper for dei som har hytter her og alle som ferdast i område til lands og på sjøen.
- Eg vil minne om det generelle vernet strandsona har gjennom plan- og bygningslova § 1-8, om at ein her skal ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser.
- Den tilnærma urørte naturen og strandsona som strekk seg frå hyttefeltet til Slagneset er verdifullt for turisme. Det er svært viktig å ta vare på dette området for framtida.

Det er i tillegg totalforbod mot å byggje her sidan det ligg i eit LNFR-område.

- I området finn ein fleire raudlista arter, deriblandt sukkertare. Tarebeltet som strekkjer seg langs landet her er oppvekstområde for ein mengde marine artar. For torsk, sei, lyr, ulike leppefisk, reker m.m. og ulike artar som lever i strandsona er dette samanhengande området svært viktig. Det er berre forska på 10 prosent av det biologiske mangfaldet ein finn i havet. Difor må ei ta vare på mest mogleg av det.
- Det vart bestemt at ein må ta vare på meir av naturen på Naturtoppmøte i Montreal som vart avslutta 19.12.22. Kommunane må ta hensyn til dette. Det vert utarbeida fleire lover i desse dagar. 30 prosent av øydelagd natur skal restaurerast og setjast i stand att. Då vert det for dumt å øydeleggja Småstranda.
- I området finn ein også raudlista fuglar som ærfugl og fiskemåke. I tillegg den kritisk trua hettemåka. Havørna har dagleg sine kvileplassar her, og den sit og speidar etter fangst til seg sjølv og sine ungar. Mang ein gong har den henta seg ein fisk frå overskuddsfangsten vår. Kjekt og flott å ta bilete av utan ein svær industrikai i bakgrunnen. Ellers finn ein andre fuglar som fiskender, skarv, strandsnipe, tjeld og ulike måkefuglar m.fl. Det er ikkje utført ROS undersøkjing av plante- og dyreliv langs land.
- Dette området er også gyteområde og oppvekstområde for torsk. Dei som driv med klekking av egg og studerer overgang frå egg til småfiskstadiet veit at denne perioden og oppvekstperioden er svært kritisk for fisken.

Tunnelmasse består av mykje støv og småfragmentert småstein og er ikkje eigna til utfylling i sjø. Det vil driva mykje småpartiklar med straum og bølger over eit stort område. Mykje småsubstans vil verta skylt på sjøen av regnvatn. I tillegg er det mykje bølger, straum og vør i området. Bølger i dette området kan vere ganske store og kraftige. Ved orkan og springflod kan bølger øydelegge ganske mykje og ein må ha svært stor stein for å plastre. Det er svært lite eigna stein til dette formålet i tunnelmassen. Fyllinga blir svært utsett for høge bølger og stor grad av bølgeaktivitet. Dette kan også føre til avrenning og miljøutslepp under og etter bygging av området. Det kan også føre til at deler av fyllinga rasar ut. Dette steinstøvet som vert spreidd over eit stort område med straum og bølger vil drepe mykje liv i sjøen.

- Å nytta spreingsbarriere (skjørt) her vil i liten grad nytta. Det vil bli nærast umogleg å setje ut eit skjørt rundt heile næringsområdet (som må festast i land på begge sidene av det tenkte næringsområdet.) Området er 30 mål stort og 20 meter djupt. Vind og straum vil gjere barrieren lite funksjonell. Eg har gjennom mitt arbeid sett slike skjørt som er 8 meter djupe liggje flate i overflata på grunn av straum. Bølgene skyller over flytet / toppen på skjørtet og tek med seg vatn som inneheld blakka vatn. Fiskeridirektoratet legg vekt på at massen ein fyller ut skal vera rein steinmasse. Dette finn ein ikkje i tunnelmasse. Det er farleg å gamble på ei utfylling der det mellom anna er gyteplass for torsk og ein finn mange marine artar.

Kan kommunen dokumentera at utfylling i sjø ikkje skadar raudlista artar og gyting, oppvekstforhold for torsk, sei, lyr og andre fiskeslag? Kan kommunen dokumentera at det er foretatt feltanalyse på landarealet, feltanalyse i strandsona og grundige undersøkingar av det marine livet i området? Den biologiske undersøkinga som er utført er svært mangelfull. Det må foretas ei grundig undersøking av dei marine artane. Desse undersøkingane må også utførast på sidene av området som skal nyttast.

Det kan stillast spørsmål om rasfaren er godt nok vurdert ut ifrå berre synfaring. Området ligg innanfor aktsomheitsområdet for ras. Sikkerheita må bekreftast med grundigare undersøkingar.

Tunnelmassane burde heller blitt brukt til å utbetre vegnettet. Dette hadde gitt arbeid til mange og i tillegg sikrare og betre vegar i distriktet.

Køyring med båt og lekter til og frå vil beslaglegge sjøområde rundt industriområdet for friluftaktivitet og fiske både under byggjing og etterpå. Det vil føre mykje støy med dette som går ut over trivselen. Fri ferdsel langs land slik vi har det i dag vil det også bli slutt med. Her er det ikkje sti, men det er ferdsel langs land. Det er fleire som nyttar området på land, men det er mest ferdsel på sjøen og i hovudsak ved hjelp av småbåtar. Området nyttast til fiske og friluftsliv. Det er ikkje samsvar med det som Nordconsult hevdar at det er registrert lite trafikk på sjøen. Området har vore og er nytta til å setja garn, teiner, fiske, yrkesfiske og friluftsliv. Området blir nytta til padling med kajakk og brett. Dette området når ein best frå sjøen.

I Kystsoneplanen for Ytre Søre Sunnmøre er dette området tenkt til farlei, fiske og friluftsliv. Å lage eit industriområde strir imot dette.

Når ein ser på lengda av industriområdet vil fyllinga dekke ein mykje større del av botnen enn det ein ser. Det vil sei at området vert betydeleg større og øydeleggja meir sjøbotn/strandareal. I nord er det mange meter som ikkje er rekna med i dei 180 metrane av strandlinja. Om lag 50 meter ekstra er lagt til mot nord. Det vil sei at minimum 30 daa med sjøbotn vert direkte overfylt og om lag 250 meter strandlinje vert øydelagt. Dette kan me ikkje godta.

Det vert ikkje auka turisme pga industriområde. Møre og Romsdal fylke vil vere miljøfylke, og då er det viktig å ta vare på naturen – i alle fall dersom ein skal bli nr.1. Møre og Romsdal vil vere eit attraktivt og mangfaldig fylke å bu i. I gjeldane kommuneplan er det skrive mange gongar at naturen skal takast vare på og det skal satsast på turisme. Få vil bygge hytte og hus der det er industri. Turistane vil ha urørt natur og severdigheiter. Nokre turistar reiser blant anna på ørnesafari. Naturen i seg sjølv er turistattraksjon her med dyreliv og fugleliv. Havørna har mest dagleg tilhald i granane her og turistane set pris på å sjå denne fuglen i sitt naturlege element.

Det er nemt at det er hytter i området i planarbeidet. At kommunen planlegg å regulere til industriområde her er svært uheldig. Det vert mange ulemper med dette for hytteeigarane med tanke på ferdsel, støy, støv og lys. Det er svært lite fokus på at dette er uheldig for hytteeigarane i planarbeidet. Tydeleg oversiktsbilete som beskriv kor nær det vert hyttefeltet manglar. Under utbygging og i ettertid vil støy koma uhindra over det opne sjøområdet. Ved nordleg trekk/vind vert støyen på det høgaste. Er det nokon som vil ha eit industriområde så nær huset eller hytta si, der det vil verta støy og andre ulemper?

Langs hovudvegen er det 80 km/t på staden og endå ei inn- /utkøyning med i hovudsak tung transport vil føre til trafikkfarlege situasjonar. Ein må lage akslerasjonsfelt begge vegar skal den nye avkøyninga lagast. Er det kartlagt kor mykje massar som skal eventuelt fraktast med lastebil? Skal alt koma med splittlekter? Om massar skal køyrast med lastebil vil dette hindre vanleg trafikk og det kan også forårsake trafikkfarlege situasjonar. Det vil også føre til auka trafikk. I tidlegare planar, kommunestyremøter og folkemøte har det blitt sagt at steinmassen skal kome til Småstranda med lekter. I dokumenta til 1.høyring er ikkje transportmåte nemnt. Ellers vil planlegging og gjennomføring av dette prosjektet koste. Er det laga kostnadsoverslag over dette. Er det ikkje andre viktige saker å bruke pengene på i kommunen?

Mangelfull undersøking av sjø og sjøbotn ved hjelp av grunnboring ber preg av hastverksarbeid (dette gjeld også undersøking av rasfare). Ingen konkrete funn av artar, men viser til funn gjort av Havforskningsinstituttet der sukkertare og stortare er nemt. Feltundersøkjingar bør også gjerast fleire gongar i løpet av året for å sjå endringar. Det er mykje meir vegetasjon og liv i sjøen på sommaren og utover hausten enn det ein finn om vinteren og våren. Det er kun vist til gyteområde for fisk (torsk), men heile strandsona og dei grunne områda er oppvekstområder for svært mange fiskeslag og andre marine artar. Heile dette området er derfor viktig å behalde. Mot vest og sør er ikkje heile området på havbotnen undersøkt. At Norconsult meiner dei har tilstrekkelig kunnskap ved å kjøre med ROV langs botnen fortel ein god del. Igjen her må det takast grundige ROS-undersøkjingar og kartleggja alle marine arter.

Det er nedgang i fiskebestandane, og det er merkbart mindre fisk å få. Difor er det viktig å behalda gyteområder og tilhøyrande område. Tidlegare vart det hevda at Vannylvsfjorden var Norges mest fiskerike fjord.

Kva inneheld tunnelmassane? Kva mineral inneheld dei? Inneheld dei metall eller ulike legeringar? Kor mykje skade vil det fine steinstøvet føre med seg for dei marine artane? Korleis kan ein synse om konsekvensar utan at ein veit med tanke på miljøskade når det gjeld gytefelt, vassforekomst og tarebiomasse? Pluss alle dei andre marine artane som ikkje er teke med i vurderinga. Norconsult set synsinga til «Noko negativ konsekvens». Naturmangfaldslova §8 pålegg forvaltninga å innhente og legge til grunn kunnskap om natur når ein tek avgjersler som råkar naturmangfaldet.

Blakking av sjø (dvs småpartikla støv) vil påverke gytinga negativt. Oppvekstvilkåra for alle marine artar vil verte negativt påverka. Steinstøv på gjeller hos fisk kan føre til død. Her meiner Norconsult berre at det kan ha negativ effekt på gytesuksess. (Kor mange % av egg som blir klekt.) I perioda etter klekking driv småyngelen delvis med straumen. Når dei vert større vert dei flinkare til å symje, men dei har ikkje intelligens som gjer at dei sym bort frå det blakka vatnet. Difor er dei svært sårbare i denne perioda og mange vil døy av det blakka vatnet. Algar og andre marine artar vil også døy.

Det skal takast (er krevd) spesielle tiltak til matfisklokaliteten Stokkeneset, men ikkje til viltlevande bestandar heilt nær. Er ikkje det eit paradoks?

Ved å tilrettelegge for kai og båttrafikk vil faren for å spreie uønska arta auka mykje (t.d havnespy). Dette er ein art som veks over og dekkjer alle andre artar. Den kveler desse og dominerer botnen. Dette fører til artsfattigdom og mattilgangen til fisk vert sterkt redusert. Havnespy har spreidd seg nord til Gulen kommune på kort tid.

Det må ikkje lagast reguleringsplan eller industriområde i Småstranda. Frå hyttefeltet til Slagnes er det tilnærma urørt strandlinje.

- Støyskjerming og skjerming for innsyn på området må inn på plankartet. Voll med beplantning rundt heile området slik at ein ser minst mogleg av området må inn i plankartet. Det må også vere støyskjerming under bygging.
- Området er eksponert, og alle bygg og konstruksjonar må vere ikkje-reflekterande. Bygningane kan vere opptil 11 meter høge. Det tilsvarer 4-etasjers bustadblokker. Slike bygningar høyrer ikkje heime på ein slik stad.
- Næringsområdet er svært ruvande og dominerande frå sjøsida og bryt med landskapet.
- Området må kome minst mogleg ut i sjø.
- Får ein tak i nok stor stein av god nok kvalitet? Vert steinen sortert for støv og småstein? Kven skal spyle steinmassen rein?
- Det fremmer ikkje folkehelsa å plassere dette området nær eit hyttefelt. Det vert støy, støv og lysforureining. Det vert mykje støy i utbyggingsfasen av lektar/båtar, maskiner og dumping av massar mm. Vibrovals lagar mykje støy.
- Ei utbygging vil bryte med dagens landskap og den vert svært dominerande og stygg.
- Trafikken vil auke på hovudvegen, særleg mengda av tungtransport.

- All trafikk av store fartøy vil føre med seg mykje støy og vibrasjonar. I dag vibrerer veggane når store fraktebåtar(slepebåtar) frå Sybelco fer forbi Småstranda. Korleis blir det då når båtane kjem enno nærmare ?
- Norconsult hevdar at barn og unge ikkje blir påverka av å ha næringsområde i Småstranda. Eg hevdar at barn og unge som ferdast her vil bli påverka av støy og eit næringsområde så tett på Småstranda.
- Naturen vil verte øydelagt langs heile området. Biotopane for dyra / fuglane som lever her vert øydelagt.
- Landområdet som vert nytta i dag til friluftsliv vert øydelagt for friluftsliv. Sjøarealet vert heilt øydelagt. Fiske og friluftsliv vert hindra og vert lite triveleg. Landskapet vert øydelagt.
- Turistane som kjem forbi vil synast området er øydelagt og næringsområdet er svært dominerande. Området blir mindre attraktivt.
- I ei eventuell anleggsperiode vert det mykje støy. Denne ulempen skal ikkje påførast verken hytter, hus eller andre bebuarar i kommunen.
- Punkt 2.3.1. (side 8) i T1442 er overskrifta «Områder der stillhet er viktig». Der står det bl.a. at naturområder er viktige å ivareta og beskytte, slik at areala ikkje blir bygd ned og at støynivået i desse området ikkje aukar.
- Stort sett alt arbeid i dette tenkte næringsområdet vert støyande (både på sjøen og på land).
- Støy ber veldig langt langs sjøen. 280 meter avstand til hyttefeltet er kort med tanke på at lydar / støy blir ført over sjø. Ikkje noko vil etter plankartet dempe lyd. Støyy vurdering er ikkje gjort. Det må inn i plankartet at alle yttergrenser til det tenkte næringsområdet skal ha ein visuell skjerm som er beplanta (voll + tre) og at grøntareal må inn på plankartet.
- Norconsult hevdar at sjøbotnen er utan særleg verdi sjølv om tareskogen er av stor verdi og raudlista. (Punkt 6.11 i «Planomtale») Kan kommunen dokumentere at ei utfylling ikkje vil påverke økosystemet negativt ?

Eg har brukt mange ein dag på sjøen her og på hytta vår. Fisking, bading, friluftsliv og herlege fridagar i sol, vind og regn. Rekreasjon og avkobling er viktig og vert endå viktigare i dei liva vi lever i dag. Urørte områder vil turistane som kjem forbi også oppleve i dag og ikkje minst i framtida. Havørna som kjem og hentar seg overskotsfisk frå fangsten er eit syn. Makrellstimar som rek forbi og oteren som boltrar seg i strandsona likeså.

Eg vil ikkje at det vert laga reguleringsplan for dette området, og eg vil ikkje at ein byggjer noko her. Her er alt for mange argumenter imot for å laga eit næringsområde i Småstranda. Det er eit NLFR-område som må bestå i og for framtida.

Svein Bjarne Slåke

29.01.23